

Nasjonale retningslinjer for barnehagelærerutdanning



Forord

På bakgrunn NOKUTs evalueringsrapport av førskolelærerutdanningen, offentlige utredninger og stortingsmeldinger, oppnevnte Kunnskapsdepartementet 2. februar 2011 et utvalg med mandat til å utarbeide forslag til rammeplan i forskrifts form for ny førskolelærerutdanning. Utvalget fikk også i mandat å fastsette et sett med nasjonale retningslinjer til institusjonene om bestemmelser på nivået under den nasjonale rammeplanen. Utvalget fikk følgende medlemmer: Gunnar Stave, Høgskulen i Volda (leder), Mette Tollefsrud, Høgskolen i Oslo (nestleder), Vibeke Grøver Aukrust, Universitetet i Oslo, Britt Børke, barnehageeier/daglig leder, Pia Katarina Halvorsen, barnehagestyrer i Den blå appelsin Kanvas barnehage, Guri Adelsten Iversen, Fylkesmannen i Nordland, Lena Jensen, Foreldreutvalget for barnehagen (FUB), Jan Sivert Jøsendal, Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon (KS), Lise Iversen Kulbrandstad, Høgskolen i Hedmark, Hein Lindquist, Høgskolen i Buskerud, Åse Løkeland, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Reidar Mosvold, Universitetet i Stavanger, Ivar Selmer-Olsen, Dronning Mauds Minne Høgskole, Betty Steinsvik, Universitetet i Tromsø, Marianne Helene Storjord, Sametingets administrasjon, Simen Aasgaard Øien, Norsk studentorganisasjon og Gun Aamodt, Utdanningsforbundet

Sekretariat for utvalget ble lagt til Høgskolen i Hedmark, og har bestått av Sigrun Sand (leder), Gunhild Tomter Alstad og Ragnhild Narum.

Etter en høringsrunde skal Kunnskapsdepartementet fastsette *Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning*. Forskriften skal bidra til en enhetlig nasjonal oppbygging av barnehagelærerutdanningen, uten at alle detaljene er nedfelt i denne. Rammeplanutvalget fikk derfor også i oppdrag å utvikle nasjonale retningslinjer for barnehagelærerutdanningen ved hjelp av bredt sammensatte faggrupper. Kunnskapsdepartementet er i en konsultasjonsprosess med Sametinget om retningslinjene.

Retningslinjene utfyller forskriften og er veiledende for institusjonene. Retningslinjene skal sikre en nasjonalt koordinert utdanning som oppfylder kravene til kvalitet.

Retningslinjene er fastsatt av utvalget før forskriften er endelig vedtatt. Rammeplanutvalget legger derfor til grunn at retningslinjene må kunne revideres når forskriften foreligger, og når institusjonene har vunnet erfaring med dem.

Volda/Oslo/Hamar, 1. februar 2012

Gunnar Stave

Utvalgsleder

Mette Tollefsrud

Nestleder

Sigrun Sand

Sekretariatsleder

Innholdsfortegnelse

I GENERELL DEL – ORGANISERING, STRUKTUR OG INNHALD	5
1 INNLEIING	5
2 FORMÅL OG EIGENART VED UTDANNINGA	5
3 UTDANNINGSINSTITUSJONENS ANSVAR OG ORGANISERING AV BARNEHAGELÆRARUTDANNINGA	5
3.1 Institusjonens ansvar	5
3.2 Organisering	5
3.3 Institusjonelt samarbeid og moglegheit for mobilitet	6
3.4 Internasjonalisering	6
3.5 Vidare utdanning	6
4 UTDANNINGAS STRUKTUR OG INNHALD	6
4.1 Læringsutbytteformuleringar	7
4.2 Arbeidsformer og vurderingsformer	7
4.3 Praksis	7
4.3.1 Avtaleverk om samarbeid om praksis	9
4.4 Bacheloroppgåve	9
4.5 Fordjuping	10
4.6 Pedagogikken si rolle og plass i utdanninga	10
4.7 Fritak og innpassing	10
5 KVALITETSKJENNETEIKN VED NY BARNEHAGELÆRARUTDANNING	10
5.1 Faglegheit	11
5.2 Profesjonsretting	11
5.3 Forskings- og utviklingsorientering	11
5.4 Krav til studentinnsats	11
5.5 Styrka praksisopplæring	12

5.6 Internasjonalisering og fleirkulturelle perspektiv	12
5.7 Barnehagelærardanning	12
6 INDIKATORAR FOR NY BARNEHAGELÆRARUTDANNING	12
II NASJONALE RETNINGSLINJER FOR KUNNSKAPSOMRÅDER	15
BARNES UTVIKLING, LEK OG LÆRING	15
SAMFUNN, RELIGION, LIVSSYN OG ETIKK	17
SPRÅK, TEKST OG MATEMATIKK	19
KUNST, KULTUR OG KREATIVITET	21
NATUR, HELSE OG RØRSLE	23
LEDELSE, SAMARBEID OG UTVIKLINGSARBEID	25

I GENERELL DEL – ORGANISERING, STRUKTUR OG INNHOLD

1 Innleiing

Forskrifta om rammeplan for barnehagelærerutdanning gir forpliktande føringar for barnehagelærerutdanninga. På forskriftsnivå er læringsutbytta formulerte med utgangspunkt i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, som omhandlar kunnskapar, ferdigheiter og generelle kompetansar som bachelorkandidaten skal ha ved avslutta utdanning. Institusjonen må kunne dokumentere at alle kandidatar har tileigna seg læringsutbyttet som forskrifta inneheld. Dei nasjonale retningslinene skal sikre ei nasjonalt koordinert barnehagelærerutdanning som oppfyller krava til kvalitet. Retningslinene er utfyllande i forhold til forskrifta og er rettleiande for institusjonane. Det er formulert læringsutbytte for kvar av dei seks kunnskapsområda. På bakgrunn av forskrift og nasjonale retningsliner skal den einskilde institusjonen utarbeide programplanar som omfattar fagleg innhald, praksis, organisering, arbeidsformer og vurderingsordningar. Styret ved institusjonen skal vedta programplanane.

2 Formål og eigenart ved utdanninga

Barnehagelærerutdanninga skal kvalifisere for pedagogisk arbeid med barn i barnehagen. Utdanninga skal vere forskingsbasert, profesjonsretta og praksisnær. Ho skal ta utgangspunkt i arbeidsområda til barnehagelæraren og gjeldande lovverk og planverk for verksemda. Utdanninga skal bidra til at kandidaten kan delta aktivt i debatten om og utviklinga av gode barnehagar for alle barn i dagens og morgondagens samfunn. Utdanninga skal også bidra til at barnehagen settes i stand til å ivareta et urfolksperspektiv i tråd med rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. Element frå samisk kultur tas inn i kunnskapsområda, i tråd med intensjonane i § 1, siste ledd i forskrifta.

3 Utdanningsinstitusjonens ansvar for og organisering av barnehagelærerutdanninga

3.1 Institusjonens ansvar

Organiseringa av utdanninga skal fremme integrering av teori og praksis, fagleg progresjon, gjennomgåande profesjonsretting og forskingsforankring. For å sikre heilskap og samanheng skal institusjonen leggje til rette for forpliktande samarbeid mellom lærarutdannarar ved kvar utdanningsinstitusjon og mellom utdanningsinstitusjonen og praksisfeltet. Innafor ramma av gjeldande avtale mellom utdanningsinstitusjonen og barnehageeigar skal programplanane ved institusjonen koordinere opplæringa på ulike læringsarenaer.

3.2 Organisering

Det faglege innhaldet i barnehagelærerutdanninga er organisert i seks kunnskapsområde. Innafor kunnskapsområda skal fagemne, fagdidaktikk, pedagogikk og praksis koplast saman, både innhaldsmessig og organisatorisk. I programplanane skal pedagogiske emne gå tydeleg fram.

Utdanninga har ein integrert og heilskapleg profil ved at faglege, pedagogiske og praksisrelaterte element blir sedde i samanheng i utdanninga, og at arbeidsmåtar, pensum og vurderingsformer korresponderer med læringsutbytteformuleringane i kvart kunnskapsområde. Heilskapleg profil inneber at læringsarenaene utfyller kvarandre og at kunnskapsområda samla utgjer ein heilskap.

I tråd med [Universitets- og høgskoleloven](#) skal barnehagelærerutdanninga vere forskingsbasert og gje studenten kompetanse i å gjere seg nytte av forskings- og utviklingsarbeid i utøvinga av barnehagelæreryrket. Kandidatane må derfor ha ferdigheiter som gjer dei i stand til å finne, forstå, vurdere og bruke forskings- og utviklingsarbeid. Utdanninga skal formidle og engasjere studentane i vitskaplege arbeidsformer, etisk og kritisk tenking. I arbeidet med bacheloroppgåva skal studentane få innføring i vitskapsteori og metode. Kunnskapsområda skal vere forankra i miljø som er aktive i relevant forskings- og utviklingsarbeid.

Utdanningsinstitusjonen skal vurdere om barnehagelærarstudenten er skikka for barnehagelæreryrket. Vurdering av skikkaheit omfattar både faglege, pedagogiske og personlege føresetnader og vil vere der under heile utdanninga, jf. *Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning*.

3.3 Institusjonelt samarbeid og moglegheit for mobilitet

Studentane skal kunne søkje om overgang frå ein institusjon til ein annan etter det andre studieåret. Modellen legg til rette for regionalt samarbeid om ulike profilar og fordjupingar.

3.4. Internasjonalisering

I utforminga av lokale programplanar skal den einskilde institusjonen leggje til rette for internasjonalt semester i det siste studieåret. Programplanane og undervisninga skal leggje til rette for internasjonalisering ved lærestaden, til dømes gjennom engelskspråkleg pensum og utanlandske gjesteforskarar eller -førelesarar og internasjonale perspektiv.

3.4 Vidare utdanning

Barnehagelærerutdanninga skal leggje til rette for vidare studium på høgare grads nivå. Minstekrav til opptak på mastergradsutdanning er fullført bachelorgrad. Det er mastergradsgjevande institusjon som fastset særskilde reglar for opptak til den einskilde mastergradsutdanninga. Krav til opptak skal gå fram av programplanen for det einskilde mastergradsstudiet, jf. [Universitets- og høgskoleloven](#) § 3-6 (7). Forskrifta gir institusjonane høve til å utvikle faglege profilar i utdanninga, som kan gje grunnlag for opptak til bestemte mastergradsutdanningar. Institusjonen skal tidleg i utdanningsløpet gjere studentane kjende med opptakskrava til utdanning på mastergrads- og doktorgradsnivå.

4 Utdanningas struktur og innhald

Treårig barnehagelærerutdanning omfattar seks kunnskapsområde, ei fordjuping og ei bacheloroppgåve. Dei seks kunnskapsområda er 'Barns utvikling, lek og læring', 'Samfunn, religion, livssyn og etikk', 'Språk, tekst og matematikk', 'Kunst, kultur og kreativitet', 'Natur, helse og rørsle' og 'Ledelse, samarbeid og utviklingsarbeid'. Kunnskapsområda skal vere profesjonsretta og

forskningsbaserte. Fagtradisjonen frå tidlegare førskolelærerutdanningar dannar eit sentralt grunnlag for innhaldet i kunnskapsområda og utgjer den sentrale kunnskapsbasen for den nye utdanninga. Programplanane skal integrere fagemne, fagdidaktiske og pedagogiske emne i kunnskapsområda for å styrke praksistilknytninga og profesjonsperspektivet.

Forskrifta syner omfanget av kunnskapsområda, fordjuping og bacheloroppgåva. Institusjonen fastset rekkjefølgje og organisering av kunnskapsområda innafor dei to første studieåra. 20 studiepoeng skal forsterke læringsutbytte i eitt eller to av eksisterande kunnskapsområde dei to første studieåra. Institusjonen kan tilby fleire profilar. Institusjonen fastset rekkefølgja på fordjuping, kunnskapsområde og bacheloroppgåva det tredje studieåret. Utdanningsstrukturen skal gå fram av programplanane.

15 studiepoeng er minste studiepoengsgjevande eining og minste eksamenseining. Dette er valt for å unngå fragmentering av kunnskapsområda, leggje til rette for færre eksamenar og dermed styrkje målet om ei heilskapleg og integrert utdanning.

4.1 Læringsutbytteformuleringar

På bakgrunn av læringsutbytteformuleringane på forskriftsnivå og i nasjonale retningslinjer for kunnskapsområda, utviklar institusjonen læringsutbytteformuleringar på programplannivå.

4.2 Arbeidsformer og vurderingsformer

Institusjonen har ansvar for at studentane skal møte tilpassa og varierte arbeids-, lærings- og vurderingsformer, som sikrar at studentane får god trening både i sjølvstendig arbeid og i samarbeid med andre. Studentane skal òvast både i munnleg, skriftleg (bokmål og nynorsk) og praktisk framstilling, og skal få erfaring med å nytte digitale verktøy i profesjonssamanheng. Oppgåver, vurderings- og dokumentasjonsformer skal integrere praktiske, didaktiske og teoretiske perspektiv for å oppnå heilskap, samanheng og relevans i utdanninga. Obligatorisk undervisning og arbeidskrav skal gå tydeleg fram i dei einkilde programplanane. Studentane skal få erfaring med akademisk skriving og profesjonsrelevante arbeids- og vurderingsformer. Vurderingsformene skal hjelpe studentane til å sjå samanheng mellom praksis og teori, samanheng mellom dei ulike kunnskapsområda, og bidra til læring og personleg utvikling.

4.3 Praksis

Forskrifta fastset rammene for praksis. Praksis skal omfatte minst 100 dagar, der minst 95 skal vere i barnehage. Minimum fem dagar skal vere praksis med fokus på overgangen barnehage-skole. Minimum 75 dagar skal vere i løpet av dei to første studieåra, og minimum 25 dagar i løpet av det siste studieåret. Førebuing og etterarbeid til praksis skal ikkje inngå i dei 100 dagane. Institusjonane skal tilpasse organisering og innhald av praksis til ulike studentgrupper. Så langt det er mogleg, skal studentane gjevast høve til å ha ein av praksisperiodane hos praksislærer av same kjønn og ha kontakt med praksis utover dei obligatoriske praksisperiodane. Institusjonen står fritt til å auke omfanget av praksis utover dei 100 obligatoriske praksisdagane, til dømes i form av observasjonspraksis i grunnskolen eller andre institusjonar som barnehagen samarbeider med.

Praksis skal sikre heilskap og samanheng mellom studia til studentane på utdanningsinstitusjonen, i praksisfeltet og i vekslinga mellom dei ulike læringsarenaene.

Forskrifta slår fast at praksis skal vere integrert i alle kunnskapsområda og i fordjupinga. I programplanane skal læringsutbytteformuleringane styre mål, innhald og arbeidsmåtar i praksis. Institusjonen skal syte for at studentane sine erfaringar og problemstillingar frå barnehagen blir integrerte med teoretiske og faglege perspektiv i dei einskilde kunnskapsområda. Dette skal bidra til å gje studentane både eit erfarings- og eit forskingsbasert grunnlag for yrkesutøvinga. Heilskap og samanheng i utdanninga føreset at faglærarar, pedagogikk-lærarar, praksislærarar, barnehageleiarar og studentar deltek i utvikling, gjennomføring og vurdering av praksis.

I følgje forskrifta skal praksis vere rettleia, vurdert og variert. Rettleiing og vurdering av studentar i praksis er eit felles ansvar for faglærarar og pedagogikk-lærarar ved institusjonen og praksislærarar og barnehageleiarar. Praksis skal bli vurdert etter skalaen bestått/ikkje bestått med ei avsluttande vurdering i kvart studieår. Institusjonens eksamensreglement fastset kor mange gonger ein student kan gjennomføre ein praksisperiode.

Praksislæraren skal ha vidareutdanning i rettleiing på minimum 15 studiepoeng. Institusjonen har ansvar for å utarbeide ein plan som sikrar at alle praksislærarar tek vidareutdanning innafor rettleiing. Utdanningsinstitusjonen bør aleine eller saman med andre institusjonar ha eit samla tilbod på minst 30 studiepoeng i rettleiing.

Variert praksis inneber at studentane får erfaring med ulike sider av barnehagelæreryrket i eit barnehagefelt prega av endring, mangfald og kompleksitet. Studentane skal få høve til å vere både deltakande, utforskande og observerande i pedagogisk verksemd i barnehagen. Studentane skal få erfaring med pedagogisk arbeid med barn med ulike føresetnader og behov og ulike aldersgrupper. Studentane skal få variert praksis som omfattar planlegging og gjennomføring av læringsprosessar, pedagogisk leiing, samarbeid med kollegaer og foreldre, dokumentasjon og vurdering. Studentane skal få trening i å reflektere kritisk over eigen praksis og etablerte praksisar i barnehagen.

Særskild tilrettelegging av praksis kan vere aktuelt for studentar som vel internasjonalt semester.

Programplanen skal klargjere ansvar og arbeidsdeling mellom utdanningsinstitusjon og barnehage, synleggjere ansvar og plikter til studentane i praksisopplæringa og i tillegg ha reglar ved fråvere i praksis. Institusjonen og praksisbarnehagane har eit felles ansvar for innhald, kvalitet og vurdering i praksis og for progresjon i praksisopplæringa. Praksisbarnehagen skal organisere praksisopplæringa i tråd med programplanane. Leiar i barnehagen har det overordna ansvaret for å leggje til rette for rammevilkåra for praksisopplæringa. I aktuelle samarbeidsfora mellom utdanningsinstitusjonen og praksisbarnehagane skal representantar frå barnehageleiinga delta. Institusjonane og praksisbarnehagane skal samarbeide om kvalitet og progresjon i praksisopplæringa.

Institusjonen, barnehageeigarane og praksisbarnehagane skal etablere eit langsiktig og forpliktande samarbeid om praksisopplæringa og innhaldet i utdanninga. Samarbeidet må involvere møteplassar mellom fagmiljøa på utdanningsinstitusjonen, barnehageeigarane, praksisbarnehagane og studentar. Samarbeidet skal vere formalisert og kan omfatte FoU-prosjekt og utveksling av kunnskap og erfaringar som kan inngå i utvikling av barnehagen, praksisopplæringa og utdanninga som heilskap. Institusjonen bør så langt råd er syte for at praksisbarnehagane samla representerer eit mangfald av barnehagar (til dømes organisering, storleik, aldersgrupper, driftsform, gruppesamansetting, pedagogisk profil, geografisk plassering, barnehage med samiske barn) for å oppfylle kravet om ein variert praksis.

4.3.1 Avtaleverk om samarbeid om praksis

Samarbeidet mellom utdanningsinstitusjon og praksisbarnehage skal vere nedfelt i ein eller fleire avtaler mellom utdanningsinstitusjon og barnehageeigar.

Avtalen(e) skal innehalde følgjande punkt:

- Lengde
- Formål
- Rammer
 - Forskrift for barnehagelærerutdanning
 - Nasjonale retningsliner for barnehagelærerutdanning
 - Programplanane ved institusjonen
 - Forskrift for vurdering av skikkaheit
- Ansvar til praksisbarnehagen
 - Ansvar og oppgåver til barnehageeigar, barnehageleiar og praksislærer
 - Organiseringa av praksisopplæringa ved den einskilde barnehagen
 - Tidsbruk
- Ansvar til lærarutdanningsinstitusjonen
 - Rolle- og oppgåvefordeling internt ved utdanningsinstitusjonen
- Samarbeidsfora
- Gjensidig kompetanseutvikling
- Retningsliner for gjensidig evaluering av praksisopplæring
- Godtgjering for praksisopplæringa (jf. gjeldande praksislæreravtale)

For praksis som er knytt til grunnskole og eventuelt andre verksemdar, skal samarbeidet mellom utdanningsinstitusjon og praksisstad vere nedfelt i avtaler mellom utdanningsinstitusjon og skoleeigar/verksemdseigar.

4.4 Bacheloroppgåve

Bacheloroppgåva skal leggjast til det siste studieåret. Oppgåva skal vere profesjonsretta og byggje på kunnskap frå eitt eller fleire av kunnskapsområda og/eller fordjupinga. Arbeidet med

bacheloroppgåva skal øve studenten i å planleggje og gjennomføre eit sjølvstendig arbeid i tråd med faglege og metodiske krav og forskingsetiske retningsliner.

I samanheng med arbeidet med bacheloroppgåva skal institusjonen gje studentane ei innføring i ulike vitskapsteoretiske perspektiv og relevante metodar/arbeidsmåtar innafor forskings- og utviklingsarbeid. Arbeidet med bacheloroppgåva skal vere rettleidd, og omfanget av rettleiinga skal gå fram av programplanen. Karakteren på bacheloroppgåva skal stå på vitnemålet til kandidaten.

4.5 Fordjuping

Fordjupingseininga utgjer 30 studiepoeng i det siste studieåret og skal byggje på kunnskapsområda. Institusjonen kan tilby fleire fordjupingseiningar. Fordjupinga skal gjere det mogleg for studentane å vidareutvikle kunnskapar, ferdigheiter og kompetansar frå eitt eller fleire kunnskapsområde. Fordjupinga skal vere relevant for barnehagelæraren si yrkesutøving og skal innehalde praksis. Programplanane til institusjonen skal innehalde ei omtale av innhaldet i fordjupinga i tillegg til læringsutbytteformuleringar.

Internasjonalt semester kan inngå som fordjuping eller delar av ei fordjuping. For dei studentane som vel internasjonalt semester der relevant praksis ikkje inngår, kan det vere nødvendig å leggje til rette for alternative praksisformer.

4.6 Pedagogikken si rolle og plass i utdanninga

I tidlegare førskolelærerutdanning har pedagogikk vore eit eige lærarutdanningsfag. I den nye barnehagelærerutdanninga skal pedagogikk vere integrert i alle kunnskapsområda, til dømes innhaldsmessig, didaktisk, metodisk, og/eller for å styrkje praksistilknytning og profesjonsperspektivet og bidra til ei heilskapleg og integrert utdanning. Pedagogisk kunnskap er mangesidig og omfattar delområde som psykologi, sosiologi, filosofi, didaktikk og idéhistorie, og vil på ulike måtar og i ulik grad inngå i dei einskilde kunnskapsområda og i fordjupinga. Pedagogikk skal spesielt bidra til studenten sin dannelsingsprosess, personlege vekst og utvikling, analytiske ferdigheiter, integrering av teori og praksis, innsikt i vitskapeleg tenkemåte og til etisk refleksjon.

4.7 Fritak og innpassing

§ 5 i forskriftas fastset reglar for fritak frå og innpassing av fag/fagområde.

5 Kvalitetskjenneteikn ved ny barnehagelærerutdanning

For å kunne vurdere kvaliteten i barnehagelærerutdanninga er det utvikla eit sett av kjenneteikn og tilhøyrande indikatorar. Kjenneteikna og indikatorane skal bidra til kontinuerleg utvikling av kvaliteten. Institusjonen skal leggje kjenneteikna til grunn for oppfølging og gjennomføring av kvalitetssikring og av eventuelle endringar. Kvalitetskjenneteikna gjer det mogleg for institusjonane å samanlikne på tvers av institusjonar. Ei barnehagelærerutdanning av høg kvalitet skal ha følgjande kjenneteikn:

5.1 Faglegheit

Institusjonen utviklar programplanar som famnar kompleksiteten i profesjonsfeltet, kompetansebehovet i barnehagen og mangfaldet i studentgruppa. Undervisningspersonalet har høg fagleg kompetanse og held seg fagleg à jour både teoretisk, praktisk og didaktisk. Utdanninga blir utvikla i tråd med resultat frå nyare forskning, utviklingsarbeid og fagdidaktisk utvikling. Programplanane omtalar undervisnings- og arbeidsformer som tematiserer studentmangfaldet og rettar seg mot studentar med ulik bakgrunn, ulike føresetnader og behov. Institusjonane utvekslar nye idear til forbetring av utdanninga og samarbeider om å byggje opp sterke faglege miljø.

5.2 Profesjonsretting

Gjennom barnehagelærerutdanninga utviklar studentane identitet som barnehagelærer. Alle kunnskapsområda er profesjonsretta gjennom integrering av teori og praksis. Utdanninga bidrar med ulike aspekt til barnehagelæraren sin mangfaldige profesjonskompetanse, som blant anna byggjer på eit integrert syn på omsorg, leik, læring og danning. Undervisninga er praksisnær og set teoretisk undervisning i eit anvendt og profesjonsretta perspektiv. Undervisninga utviklar studenten si evne til kritisk refleksjon over praksis og evne til å utnytte ny kunnskap i eiga profesjonsutøving. Utdanninga førebur studentane på dei krav og forventingar som samfunnet stiller til barnehagen ved å forhalde seg aktivt til samfunnet og samfunnsendingar som vedkjem barn, familiar, oppvekst og barnehage. Gjennom utdanninga får studentane innblikk i andre profesjonar med relevans for arbeidet i barnehagen.

Ein av føresetnadene for profesjonell yrkesutøving er å bruke norsk språk munnleg og skriftleg og digitale verktøy på ein kvalifisert måte i ulike samanhenger. Denne kompetansen blir utvikla som ein del av ferdigheitene i alle kunnskapsområda.

5.3 Forskings- og utviklingsorientering

Utdanninga er forskingsbasert, og programplanane syter for at studentane får innsikt i forskingsbasert kunnskap og læringsprosessar. Forskingsbaserte læringsprosessar fremmer sjølvstendet til studentane, analytiske ferdigheiter og kritisk refleksjon slik at dei som yrkesutøvarar kan bruke ny kunnskap og vidareutvikle både seg sjølve, profesjonen og arbeidsplassen. Det inneber også at studentane gjennom bacheloroppgåva får innføring i vitskapsteori og metode og gjennomfører eit sjølvstendig forskings- og utviklingsbasert skriftleg arbeid.

Den som underviser i barnehagelærerutdanninga, er sjølv aktiv forskar eller del av eit aktivt fagmiljø som driv forskning, utvikling og publisering på område som er relevante for barnehagelærerutdanninga og barnehagelæreryrket. Utdanningsinstitusjonen prioriterer ressursar og stimulerer til forskings- og utviklingsarbeid gjennom aktivt samarbeid med praksisfeltet og FoU-miljø nasjonalt og internasjonalt.

5.4 Krav til studentinnsats

Institusjonen gir studentane ei attraktiv og krevjande barnehagelærerutdanning som er tydeleg på studentane sine rettar, plikter og ansvar. Det går fram av programplanen korleis studenten sin

arbeidsinnsats blir fordelt på dei forskjellige oppgåvene og læringsformene gjennom utdanningsløpet. Læringsmiljøet ved institusjonen blir kjenneteikna ved aktiv studentdeltaking og tydelege krav til studentinnsats. Institusjonen legg til rette for og har eit særskilt ansvar for å etablere inkluderande praksisar som sikrar at alle studentar får like sjansar i studiet, uavhengig av språkleg og kulturell bakgrunn.

5.5 Styrka praksisopplæring

Praksis er integrert i alle kunnskapsområda og fordjupinga og inngår i læringsutbytteformuleringane i programplanane. Institusjonen skaper heilskap og samanheng i utdanninga gjennom ei samordning mellom dei to læringsarenaene. Institusjonen styrkjer barnehagelærerutdanninga som profesjonsutdanning ved at teoretisk kunnskap på ulike måtar inngår i interaksjon med praksisfeltet.

5.6 Internasjonalisering, fleirkulturelle og urfolks perspektiv

Programplanane og undervisninga legg til rette for internasjonalisering ved lærestaden, til dømes i form av internasjonalt semester og internasjonale, globale og fleirkulturelle perspektiv i studiet. Kunnskap om menneskerettane, ansvarleg livsstil og kunnskap om urfolks rettar. Samisk kultur og samfunnsliv er sentralt i denne samanhengen. Internasjonalisering omfattar i tillegg bruk av utanlandske gjesteforelesarar og -forskarar, pensum på andre språk enn norsk og/eller pensum som tematiserer vestleg etnosentrisk skeivheit. Institusjonen arbeider for å rekruttere minoritetsspråklege studentar, og inkludere og støtte studentane gjennom tilpassa arbeids-, undervisnings- og vurderingsformer.

5.7 Barnehagelærardanning

Barnehagelærardanning blir utvikla gjennom solide kunnskapar, ferdigheiter, generell kompetanse og fagleg reflektert profesjonsutøving. Utdanningsinstitusjonen legg til rette for ein danningsspross der studentane utviklar etiske og historiske perspektiv på eiga profesjonsrolle og kritiske perspektiv på samfunnsrolla til barnehagelærarprofesjonen og oppveksten til barn i eit moderne samfunn. Vitskapleg tenking og metode er integrert i utdanninga, og studentane utviklar analytiske, metodiske og praktiske ferdigheiter. Tverrfagleg samarbeid og problemløysing utgjer viktige læringsformer for studentane.

6 Indikatorar for ny barnehagelærerutdanning

Det er utvikla eit sett indikatorar som er forankra i læringsutbytteformuleringane og i kvalitetskjenneikna ved ny barnehagelærerutdanning. Indikatorane er eit internt kvalitetsstyringsverktøy for institusjonen, og institusjonen kan utvikle fleire og andre indikatorar.

Indikatorar som er tilknytte kjenneteikna ved barnehagelærerutdanninga går fram av tabellen nedanfor.

Kvalitetskjenne-teikn	Aktuelle indikatorar som kan veljast
1. Faglegheit	<ul style="list-style-type: none"> I. Undervisningspersonalet har høg fagleg kompetanse. II. Studieprogramma blir oppdatert systematisk, basert på ny kunnskap og erfaring. III. Dei fagleg tilsette ved institusjonen tek del i utviklinga av nasjonale fagmiljø.
2. Profesjonsretting	<ul style="list-style-type: none"> I. Bacheloroppgåvene er forankra i profesjonsfaglege problemstillingar. II. Undervisningspersonalet og praksislærarar har systematisk samarbeid om innhaldet i utdanninga. III. Utdanninga blir gjennomført i kontakt med relevante samarbeidspartnarar. IV. Programplanen skal sikre systematisk arbeid med utvikling av munnleg, skriftlig og digital kompetanse til studentane.
3. Forskings- og utviklingsorientering	<ul style="list-style-type: none"> I. Lærings- og arbeidsformer aktiviserer studentane til kritisk, reflektert og bevisst tenking. II. Institusjonen bidreg aktivt til å utvikle FoU-arbeid og publisering på område som er relevante for barnehagelærerutdanninga og barnehagelæreryrket. III. Utdanningsinstitusjonen stimulerer systematisk til FoU-verksemd som involverer praksisfeltet og studentar.
